

Kommune Fylkesmann

Kontaktperson:  
Vår dato: 01.06.2015  
Vår referanse: 15/1  
Rundskriv erstatter:

## Utbetaling av produksjonstilskudd etter søknad med frist 20. Januar 2015

Hovudutbetaling av produksjonstilskot etter søknad med frist 20. januar 2015, skjer onsdag 3. juni. Søkjarane vil normalt ha pengane på konto innan fredag 5. juni. Landbruksdirektoratet vil òg informere om utbetalinga på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no).

Dette rundskrivet handlar om både hovudutbetalinga og korleis handsame manuelle utbetalingar.

Utbetalinga med søknadsfrist 20. januar gjeld desse tilskota:

- tilskot til husdyr
- tilskot til bevaringsverdige storferasar
- tilskot til lammeslakt og kjeslakt
- driftstilskot til mjølkeproduksjon
- driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon
- tilskot til økologisk husdyrproduksjon
- tilskot til avløyning ved ferie og fritid

Kompensasjon for bortfall av produksjonstilskot til føretak som deltek i tiltaket «Friskare geiter» vert utbetalt til om lag same tid.

## *Innhald*

|  |    |
|--|----|
| Utbetaling av produksjonstilskudd etter søknad med frist 20. Januar 2015 .....   | 1  |
| 1. Tilskotsbrev og utbetaling ved den sentrale utbetalinga .....   | 3  |
| 2. Søknader som er avslått og avvist.....  | 3  |
| 2.1. Søknader med feilmelding 635 og 636.....  | 3  |
| 2.2. Søknader med feilmelding 650 .....  | 4  |
| 2.3. Søknader med feilmelding 637 og 639 .....   | 4  |
| 2.4. Søknader med feilmelding 644.....   | 4  |
| 3. Søknader som er stoppa sentralt eller av Fylkesmannen .....   | 4  |
| 4. Vedtak og utbetaling etter sentral utbetaling .....   | 4  |
| 4.1. Fagsystem for manuelle utbetalningar .....  | 5  |
| 4.2. Hjelpeutrekning.....  | 5  |
| 4.3. Utbetaling søknader etter sentral utbetaling .....  | 5  |
| 4.4. Kontroll av manuelle utbetalningar.....   | 5  |
| 5. Satsar og utrekningsreglar .....  | 6  |
| 5.1. Tilskot til husdyr.....   | 6  |
| 5.2. Tilskot til bevaringsverdige storferasar .....  | 7  |
| 5.3. Tilskot til lammeslakt og kjeslakt .....  | 8  |
| 5.4. Driftstilskot til mjølkeproduksjon .....  | 9  |
| 5.5. Driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon .....  | 10 |
| 5.6. Tilskot til økologisk landbruk.....   | 10 |
| 5.7. Distrikts- og kvalitetstilskot til frukt, bær og veksthusgrønsaker og distriktstilskot til potetproduksjon i Nord-Noreg ..... | 10 |
| 5.7. Kompensasjon for bortfall av tilskot for søkjarar som deltek i «Friskare Geiter»....  | 12 |
| 5.8. Rapportar i samband med utbetalinga.....  | 12 |
| 6. Tilskot til avløyning ved ferie og fritid, avløysaråret 2014 .....  | 12 |
| 6.1. Satsar .....  | 12 |
| 6.2. Utrekna maksimal refusjon for 2015.....   | 13 |
| 7. Botnfrådrag og reduksjonar i tilskot.....   | 13 |
| 7.1. Botnfrådrag.....  | 13 |
| 7.2. For seint levert søknad .....   | 13 |
| 7.3. Trekk i utbetalningar .....   | 13 |
| 8. Utmåling til føretak i driftsfellesskap .....   | 14 |

## 1. Tilskotsbrev og utbetaling ved den sentrale utbetalinga

Alle søkjarar som har gyldig søknad, får ca 3. juni eit sentralt produsert brev. Søkjaren vil normalt ha pengane på konto innan fredag 5. juni.

Tilskotsbrev vert sende elektronisk til føretaket sin meldingsboks i Altinn. Alle føretak som har oppgjeve mobilnummer eller e-post i søknaden, vil berre få tilskotsbrevet i meldingsboksen i Altinn. Samstundes som tilskotsbrevet vert tilgjengeleg i Altinn, vil dei få varsel på mobil eller e-post. Den elektroniske utsendelsa skjer 3. juni. Dei føretak som korkje har oppgjeve mobilnummer eller e-postadresse, får tilsendt tilskotsbrev på papir. Dette gjeld omtrent 1 150 føretak. Tilskotsbrevet vil også vere tilgjengeleg i elektronisk versjon i meldingsboksen i Altinn for dei som mottar brevet per post.

Det sentralt produserte brevet informerer om:

- kommunen sitt vedtak, og syner grunnlaget for utrekning av tilskotet, satsar og utbetalt beløp (tilskotsbrev), eller
- at søknaden enno ikkje er ferdig handsama.

Tekstane i tilskotsbrevet for dei søknadane som er avslått, avvist eller stoppa av andre årsaker i den sentrale utbetalinga, er nærare forklart i kapittel 2. Kommunen finn kopi av tilskotsbrev i ROB. Sjå òg lista PT-5040, som syner utbetalt beløp.

Pengane vert overført til den kontoen som er oppgitt i søknaden, eller til ny konto viss forvaltninga har fått melding om dette. Har søkjaren endra konto etter at søknaden vart sendt inn, men ikkje gjeve melding til forvaltninga, vil tilskotet bli utbetalt til kontoen som er ført opp på søknaden. Bankane handsamar dette på ulike måtar. I nokre tilhøve overfører banken beløpet til kunden sitt nye kontonummer, og i andre tilfelle returnerer banken beløpet til Landbruksdirektoratet. Landbruksdirektoratet kan ikkje betale ut tilskotet på nytt før beløpet er returnert til Landbruksdirektoratet og søkjar har gjeve **skriftleg** melding om nytt kontonummer. Be søkjarane endre kontonummer i skjemaet «[Endring av bankkontonummer for landbruksforetak](#)» i Altinn eller bruke skjema for endring av kontonummer (SLF-056). Skjemaet finn dei under skjema på [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no).

## 2. Søknader som er avslått og avvist

Feilmeldingane som er omtalt i dette kapittelet tilsvarar feilmeldingane frå lista PT-1003.

### 2.1. Søknader med feilmelding 635 og 636

635 *Søknaden er avslått, foretaket ikke opprettet innen søknadsfristen*  
Søknader med kode 635 vert avslegne direkte. Føretaka fyller ikkje grunnvilkåret i § 2 i forskrifta om å vere føretak innan søknadsfristen. Søkjarane får eit vedtak om avslag i tilskotsbrevet ved hovudutbetalinga av produksjonstilskot

Søknad frå føretak som ikkje var oppretta innan søknadsfristen får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet:

*”Søknad er avslått fordi foretaket ikke var registrert i Einingsregisteret innan søknadsfristen, jf. forskrift om produksjonstilskot i jordbruket § 3.”*

## 2.2. Søknader med feilmelding 650

*650 Mottatt dato er etter 20.02.*

Søknader med kode 650 vert avvist direkte, og søkjarane får fylgjande vedtak i tilskotsbrevet: ”Søknaden er avvist fordi søknaden vart levert 21. februar eller seinare. Det er ikkje gjeve dispensasjon frå søknadsfristen, jf. forskrift om produksjonstilskot i jordbruket §§ 8 og 9.”

## 2.3. Søknader med feilmelding 637 og 639

*637 Søknaden stoppa av kommunen*

*639 Søknaden stoppa av kommunen*

Søknader med kode 637 og 639 får ikkje tilskotsbrev ved utbetalinga. Kommunen må skrive vedtak om avslag, dersom dette ikkje allereie er gjort.

## 2.4. Søknader med feilmelding 644

*644 Søknaden om avløyserstilskot er stoppa*

Kommunen må skrive til søker og sette frist for innsending av dokumentasjon av utgifter.

## 3. Søknader som er stoppa sentralt eller av fylkesmannen

Søknader som er stoppa frå den sentrale utbetalinga, må kommunen vurdere nærare. Kommunen kan så fatte vedtak, og eventuell utbetaling kan skje. Lista PT-1003 syner dei søkjarane dette gjeld og kva som er årsaka til at dei er stoppa. Dette gjeld søknader med meldingane:

*607 Kontrollskjema reg. mangler ord. søknadsskjema*

*608 Kontrollskjema er ikke registrert*

*609 Søknadsskjema feilmeldt, men ikke rettet*

*610 Kontrollskjema feilmeldt, men ikke rettet*

*621 Utbetaling stoppet pga ugyldig postnr/adresse*

*645 Søknaden stoppet av fylkesmannen*

*646 Pålagt kontroll er ikke utført*

Desse søkjarane får tilsendt eit brev samtidig med at hovudutbetalinga går. Brevet varslar om at det er høve ved søknaden som må undersøkjast nærare:

*”Søknaden om produksjonstilskot pr. 01.01.15 er motteken av kommunen, men sakshandsaminga er ikkje avslutta grunna omstende som må undersøkjast nærare. Vedtak i saka vil bli sendt så snart søknaden er ferdig handsama.”*

Kommunen må vurdere slike søknader med grunnlag i «Forskrift om produksjonstilskudd og avløyserstilskudd i jordbruket» og situasjonen på registreringsdatoen 1. januar 2015.

## 4. Vedtak og utbetaling etter sentral utbetaling

I samband med handsaming av søknader, klage på vedtak og manuelle utbetalingar, syner Landbruksdirektoratet til «Forskrift om produksjonstilskudd og avløyserstilskudd i jordbruket» og rettleiing i aktuelle rundskriv.

Desse er tilgjengelege på <https://www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/produksjonstilskudd/aktuell-soknadsomgang>. For handsamingsrutinar for manuelle saker syner vi spesielt til rundskriv 30/2014.

Du finn satsar og reglar for å rekne ut tilskotet ved manuelle utbetalingar i kapittel 5.

#### 4.1. Fagsystem for manuelle utbetalingar

Fagsystemet for å handsame manuelle utbetalingar vert etter planen tilgjengeleg for fylkesmannen i veke 24. Landbruksdirektoratet vil sende meir informasjon om dette i e-post til fylkesmannen.

#### 4.2. Hjelpeutrekning

For å hjelpe arbeidet med å rekne ut korrekt tilskotsbeløp for produksjonstilskot, tilbyr Landbruksdirektoratet hjelpeutrekning. På grunnlag av registrerte opplysningar vert det rekna ut brutto tilskot, oppdelt på aktuelle heimlar. Resultatet av utrekninga vert presentert i tilskotsbrevrapport PT-2210 og rapportane PT-890 og PT-891, som blir presentert i ROB. Forvaltninga kan deretter nytte desse for å registrere beløp til utbetaling.

For at data skal kome med i hjelpeutrekningane, må registreringa vere avslutta innan dei tidspunkta som er vist i tabell 1. Hjelpeutrekningane vert køyrd om ettermiddagen, og resultatata vil normalt vere klare dagen etter.

**Tabell 1. Tidsplan hjelpeutrekning**

| <b>Frist for registrering</b> | <b>Resultat klart</b> |
|-------------------------------|-----------------------|
| Tysdag 09.06. kl 16.00        | Torsdag 11.06.        |
| Måndag 15.06. kl 12.00        | Tysdag 16.06.         |
| Måndag 22.06. kl 12.00        | Tysdag 23.06.         |
| Måndag 29.06. kl 12.00        | Tysdag 30.06.         |
| Måndag 06.07. kl 12.00        | Tysdag 07.07.         |
| Måndag 10.08. kl 12.00        | Tysdag 11.08.         |
| Måndag 17.08. kl 12.00        | Tysdag 18.08.         |

#### 4.3. Utbetaling søknader etter sentral utbetaling

Utbetalingane vert gjennomført med grunnlag i fylka sine registreringar. Landbruksdirektoratet hentar ajourhaldsdata **mandag 31. august**. Alle manuelle utbetalingar bør vere gjennomført innan denne datoen. Data registrert etter denne datoen vert ikkje overført til Landbruksdirektoratet. Merk at data frå søknader som ikkje er ferdig handsama av Fylkesmannen før 31. august ikkje vert tilgjengelege i LIB.

#### 4.4. Kontroll av manuelle utbetalingar

I første halvdel av september vert dei manuelle utbetalingane kontrollert maskinelt. Resultatet av kontrollen får kommunen i listene PT-1201 og PT-895D. Det er viktig at kommunen går gjennom listene og gjer vedtak om tilbakebetaling om det er utbetalt for mykje tilskot. Dersom det er avvik mellom maskinelt berekna tilskot og manuelt utbetalt tilskot, ønskjer Landbruksdirektoratet ei rapportering på dette, sjå frist i rundskriv 30/2014.

## 5. Satsar og utrekningsreglar

For hovudutbetalinga er dei gjeldande satsane og utrekningsreglane nytta i maskinell utrekning for den enkelte søknad. For dei manuelle sakene skal dei same satsane og utrekningsreglane leggjast til grunn. Landbruks- og matdepartementet (LMD) har fastsett satsane for utbetaling av tilskot for søknadsomgangen 20. januar 2015.

For nesten alle ordningane er endeleg sats lik dei førebelse satsane i jordbruksavtalen, sjå òg rettleiingshefte om produksjonstilskot i jordbruket ved søknadsomgangane 20. januar 2015. Merk at alle satsar er fastsette i heile kroner. De må bruke same satsar og utrekningsreglar for dei manuelle sakane.

### 5.1. Tilskot til husdyr

Etter jordbruksavtala 2014-2015 er det største årlege beløpet for tilskot til husdyr for kvart føretak 560 000 kroner. Ved søknad pr. 1. januar 2015 vert tilskotet avgrensa slik at utbetalt tilskot i alt for augustomgangen 2014 og januaromgangen 2015 ikkje vert meir enn maksimalbeløpet. Merk at tilskot til lammeslakt, tilskot til bevaringsverdige storferasar og tilskot til økologisk husdyrproduksjon ikkje skal reknast inn i maksimalt årleg beløp for tilskot til husdyr.

For føretak som driv både kumjølksproduksjon og spesialisert storefekjøttproduksjon må ammekyr vere av minst 50% kjøttferase før det kan bli gjeve tilskot som ammeku.

Kva raser som er godkjende som kjøttferase går fram av jordbruksavtala 2014-2015.

For slakta gris (kode 184 i søknaden) vert det gjeve tilskot til husdyr for 91,27 % i intervallet 1-1 400 dyr. Dette fordi at talet på slakta gris det er søkt tilskot for, er større enn 1 190 000 dyr, som er det maksimale talet dyr det nasjonalt kan gis tilskot for etter jordbruksavtalen.

*Døme: Ein søkjar som har slakta 1 000 gris i 2013 får tilskot for  $1000 \times 91,27 \% = 913$  slakta gris. Avrund talet gris etter vanlege reglar for avrunding.*

Merk at kommunen må redusere tal dyr med rett til tilskot òg ved manuelle utbetalingar

**Tabell 2. Tilskot til husdyr**

| Dyreslag  | Intervall   | Sats i kr/dyr <sup>1</sup> |
|---|-------------|----------------------------|
| <i>Mjølkeku</i>   | 1-16        | 2 014                      |
|   | 17-25       | 1 036                      |
|   | 26-50       | 500                        |
|   | 51+         | 400                        |
| <i>Ammeku</i>   | 1-50        | 1 990                      |
|   | 51+         | 400                        |
| <i>Storfe</i>   | Alle dyr    | 400                        |
| <i>Mjølkegeit og mjølkesau</i> <sup>2</sup>   | 1-125       | 750                        |
|   | 126+        | 275                        |
| <i>Sau/ammegeit</i>   | 1-100       | 1 000                      |
|   | 101+        | 250                        |
| <i>Avlsgris</i>   |             |                            |
| - <i>Sør-Noreg</i> <sup>3</sup>   | 1-35        | 458                        |
| - <i>Jæren</i> <sup>4</sup>   | 1-35        | 383                        |
| - <i>Nord-Noreg</i>   | 1-35        | 601                        |
| <i>Slakta gris og gris selt som livdyr med levende vekt på minst 50 kg</i> <sup>5</sup> |             |                            |
| - <i>Jæren</i> <sup>6</sup>   | 1-1 400     | 19                         |
| - <i>Landet for øvrig</i>   | 1-1 400     | 23                         |
| <i>Verpehøner og avlsdyr av ender, kalkunar og gjæser</i>                               |             |                            |
| - <i>Sør-Noreg</i>  | 1-1 000     | 5                          |
| - <i>Nord-Noreg</i>   | 1-1 000     | 12                         |
| - <i>landet</i>   | 1 001-5 000 | 5                          |
| <i>Unghest under 3 år</i> <sup>7</sup>  |             | 1 000                      |

## 5.2. Tilskot til bevaringsverdige storferasar

Endeleg sats er 2 000 kr pr. dyr. Det ytast berre tilskot for bevaringsverdige storfe som er registrert i Kuregisteret hjå Norsk Genressurscenter. Kyrne må vere registrert med kalving i løpet av dei siste 15 månadene. Oksane må vere 12 månader eller eldre ved søknad om tilskot. Tilskot gis for inntil 2 okser av same rase per føretak.

<sup>1</sup> Satsen er 0 kr/dyr utafør dei intervalla som er med i tabellen

<sup>2</sup> Føresetnad for tilskot til mjølkesau er at det kan dokumenterast at mjølka vert nytta som råstoff ved lokal foredling

<sup>3</sup> Unnateke Jæren, sjå fotnote 4.

<sup>4</sup> Kommunane Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg.

<sup>5</sup> Berekningsgrunnlaget er tal dyr selt førre kalenderår

<sup>6</sup> Kommunane Sandnes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg.

<sup>7</sup> Inkluderer hest som føretaket har i pensjon i vinterhalvåret

### 5.3. Tilskot til lammeslakt og kjeslakt

Lam som er slakta og klassifisert på offentlig godkjend slakteri og av godkjend klassifisør kan det ytast tilskot for. I tillegg kan det ytast tilskot for lam som er slakta ved mindre slakteri (slakteri som slaktar inntil 2 000 sau/lam pr. år) utan godkjend klassifisør. Føretaka skal føre lam som er slakta ved mindre slakteri utan godkjent klassifisør i kode 476.

**Tabell 3. Satsar for tilskot til lammeslakt for utbetalinga for søknadsomgangen 20. januar 2015**

| Dyreslag          | Intervall   | Sats i kr per slakt |
|-------------------|---|---------------------|
| <i>Lammeslakt</i> | kvalitet O og betre   | 500                 |
|                   | lam slakta ved små slakterier                                 | 478 <sup>1)</sup>   |
|                   | tillegg for økologiske lam, kvalitet O og betre <sup>2)</sup> | 40                  |
| <i>Kjeslakt</i>   | over 3,5 kg og levert til offentlig godkjent slakteri         | 300                 |

- 1) Sats utrekna som veid gjennomsnitt av gjennomsnittlig klassifisering av alle lam slakta i 2014. Dette gjeld dyr i kode 476 i søknad
- 2) Sats pr. økologiske lam, kvalitet O og betre, 540 kr/dyr (500 kr + 40 kr), lam levert til mindre slakteri 518 kr/dyr (478 kr + 40 kr).

Leveransar av slakt må vere rapportert på produsentnummeret til det føretaket som søker produksjonstilskot for å gje rett på tilskot, jf. forskrift om produksjonstilskot §7 første ledd «Tilskudd utmåles på basis av det dyretall og areal som hvert enkelt foretak disponerer og i samsvar med vilkår, satser, soner, definisjoner m.m. fastsatt i eller i medhold av jordbruksavtalen.» Dette betyr at lammeslakt som er levert frå andre produsentnummer enn det som høyrer til føretaket som søker tilskot, skal ikkje føretaket føre opp på søknaden om produksjonstilskot. Unntaket er dersom to eller fleire føretak søker gjennom same søknad og oppgjer at dei er i driftsfellesskap.

*Døme: Viss føretaket til dotter har levert slaktedyr på sitt produsentnummer og føretaket til far søker produksjonstilskot for desse dyra, har føretaket til far ikkje rett på tilskot for dyr som er levert av føretaket til dottera, med mindre dei oppgjer at dei er i driftsfellesskap.*

Lista PT-1050 "Lammeslakt" gir oversikt over grunnlaget som er brukt i den maskinelle kontrollen og den sentrale utrekninga av tilskot for slakta lam. Lista kan vere nyttig for å avdekkje om det er fleire som har levert lammeslakt frå same hovudnummer.



## 5.4. Driftstilskot til mjølkeproduksjon

**Tabell 4. Driftstilskot til kumjølkeproduksjon**

|                                   | > 5 kyr | 4 kyr  | 3 kyr  | 2 kyr  | 1 ku   |
|-----------------------------------|---------|--------|--------|--------|--------|
| <i>Kumjølk, Jæren<sup>8</sup></i> | 59 000  | 47 200 | 35 400 | 23 600 | 11 800 |
| <i>Kumjølk, rest Sør-Noreg</i>    | 62 500  | 50 000 | 37 500 | 25 000 | 12 500 |
| <i>Kumjølk, Nord-Noreg</i>        | 66 500  | 53 200 | 39 900 | 26 600 | 13 300 |

**Tabell 3. Driftstilskot til geitmjølkeproduksjon**

|                  | Ved 27 geiter eller fleire pr. føretak,<br>kr/føretak | Redusert utbetaling pr. geit når det er<br>færre enn 27 geiter pr. føretak, kr/geit |
|------------------|---|---|
| <i>Geitmjølk</i> | 66 500  | 2 463   |

Føretak med både geit- og kumjølkeproduksjon får utmålt driftstilskot med utgangspunkt i talet på mjølkegeiter der talet på mjølkegeiter er 27 eller høgare. Der talet på mjølkegeiter (x) er mindre enn 27, vert driftstilskotet rekna ut frå talet på mjølkegeiter og deretter talet på mjølkekyr. Tillegget basert på mjølkekyr vert avgrensa på same måte  $(27-x)/27$  av maksimalt driftstilskott for kumelk i den aktuelle regionen.

Døme:

1. Eit føretak som har 40 mjølkegeiter (meir enn 27) og 15 mjølkekyr får driftstilskot til mjølkeproduksjon etter satsen som gjeld for produksjon av geitemjølke.
2. Eit føretak i Sør-Noreg som har 14 mjølkegeiter og 3 mjølkekyr vil få 64 575 kr i driftstilskot til mjølkeproduksjon:

### Tilskot mjølkegeit:

Når talet geiter er færre en 27, tar du differansen mellom 27 og det faktiske talet (her 13;  $27-14=13$ ) og multipliser med reduksjonsatsen:  $13*2\,463=32\,019$ .

Så tek ein satsen driftstilskot mjølkegeit à 66 500 og trekk frå reduksjonsbeløpet à 32 019:  $66\,500-32\,019=34\,481$ . Dette gjev driftstilskot mjølkegeit etter reduksjon.

### Tilskot kumjølke:

Sør-Noreg: 62 500

Avgrensningsfaktor kumjølke:  $(27-14)/27 = 0.4815$

Utrekning:  $62\,500 * 0,4815 = 30094$

Summering:  $34\,481 + 30094 = 64\,575$

<sup>8</sup> Gjeld kommunane Sandes, Stavanger, Hå, Klepp, Time, Sola og Randaberg.

## 5.5. Driftstilskot til spesialisert kjøttfeproduksjon

Satsane er 1 438 kroner per ammeku for føretak med 6 til 39 ammekyr, rekna frå første ammeku, og 57 520 kroner per føretak for føretak med 40 eller fleire ammekyr.

## 5.6. Tilskot til økologisk landbruk

**Tabell 4. Tilskot til økologisk landbruk**

| Økologisk husdyrproduksjon  | Sats  |
|-----------------------------|-------|
| Mjølkeku                    | 1 400 |
| Ammeku                      | 1 000 |
| Andre storfe                | 300   |
| Sau over 1 år per 1. januar | 450   |
| Ammegeit                    | 200   |
| Mjølkegeit                  | 100   |
| Avlsgris                    | 201   |
| Slaktegris <sup>1)</sup>    | 260   |

1) Berekningsgrunnlaget er tal dyr selt føregåande kalenderår.

Du finn nærare omtale av dei økologiske produksjonstilskotsordningane i jordbruksavtala kapittel 7.9, og i saksbehandlings- og kommentarrundskriv for aktuell søknadsomgang.

For mjølkegeit og ammegeit er det lik sats pr. dyr og år. Det er ulik sats pr. dyr i utbetalinga fordi det er to utbetalingar pr. år for mjølkegeit, mens for ammegeit er det ei utbetaling pr. år.

Tal slaktegris med rett på tilskot til økologisk landbruk (kode 831 i søknad) skal ikkje reduserast før utrekning av tilskot. Det inneber at omtale i kapittel 5.1 av reduksjon i utrekning av tilskot til husdyr for kode 184 ikkje gjeld for kode 831.

## 5.7 Distrikts- og kvalitetstilskot til frukt, bær og veksthusgrønsaker og distriktstilskot til potetproduksjon i Nord-Noreg

Grunnlaget for tilskota er produkt levert til godkjente omsetningsledd i perioden 1. januar til 31. desember året før utbetalingsåret. Omsetningsleddet må vere godkjent av Landbruksdirektoratet. Det er ein føresetnad for utbetaling at kvantumet i årsoppgåvene frå omsetningsledda samsvarar med eller er større enn kvantumet i søknaden.

Rapporten PTG-100 syner fylkesvis kva føretaka har levert av produkt pr. omsetningsledd. Fylkesmannen skal oppdatere denne rapporten når det kjem korrigererte/nye årsoppgåver frå omsetningsledd i samband med manuelle utbetalingar eller dispensasjonssøknader. Det er viktig at rapport PTG-100 vert oppdatert etter kvart. Ved hjelp Utrekninga vert søknadene kontrollert mot rapporten.

Føretak som samla leverer under minstekvantom i tabell 6 har ikkje rett på tilskot.

**Tabell 6. Minstekvantum for leveransar av frukt, bær og veksthusgrønsaker**

| Produkt                        | Minstekvantum |
|--------------------------------|---------------|
| Frukt                          | 2 000 kg      |
| Bær                            | 1 000 kg      |
| Samla for tomat og slangeagurk | 2 000 kg      |
| Salat                          | 5 000 stk     |

Distriktstilskot for potetproduksjon i Nord-Noreg har sats på kr 1,30 pr. kg matpotet levert til godkjent omsetningsledd.

Distrikts- og kvalitetstilskot for frukt, bær og veksthusgrønsaker er differensiert mellom grupper av produkt og soner. Tilskotet ytast inntil maksimalt kvantum for kvar produktgruppe.

|                                       | Kvantumsgrense per føretak | Sats 2015, kr per kg/stk |      |
|---------------------------------------|----------------------------|--------------------------|------|
| <i>Eple, pærer, plommer, kirsebær</i> | ingen avgrensing           |                          |      |
| Sone 1                                |                            | 1,67                     |      |
| Sone 2-4                              |                            | 2,25                     |      |
| Sone 5                                |                            | 4,92                     |      |
| <i>Morellar</i>                       |                            |                          |      |
| Sone 1                                |                            | 2,64                     |      |
| Sone 2-4                              |                            | 3,20                     |      |
| Sone 5                                |                            | 5,90                     |      |
| <i>Pressfrukt</i>                     |                            |                          |      |
| <i>Bær</i>                            |                            |                          |      |
| Sone 1-3                              |                            | 1,42                     |      |
| Sone 4-5                              |                            | 3,26                     |      |
| Sone 6-7                              |                            | 5,37                     |      |
| <i>Tomat</i>                          |                            | 103 400 kg               |      |
| Sone 1-3                              |                            |                          | 1,35 |
| Sone 4-5                              |                            | 2,71                     |      |
| Sone 6-7                              |                            | 2,71                     |      |
| <i>Slangeagurk</i>                    | 151 800 kg                 |                          |      |
| Sone 1-3                              |                            | 0,80                     |      |
| Sone 4-5                              |                            | 1,59                     |      |
| Sone 6-7                              |                            | 1,59                     |      |
| <i>Salat</i>                          | 220 000 stk                |                          |      |
| Sone 1-3                              |                            | 0,50                     |      |
| Sone 4-5                              |                            | 0,99                     |      |
| Sone 6-7                              |                            | 0,99                     |      |

## 5.7. Kompensasjon for bortfall av tilskot for søkjarar som deltek i «Friskare Geiter»

Deltakarar i prosjektet «Friskare geiter» får tilskot for dei dyra føretaket faktisk disponerer på teljedatoen. Føretaka kan få vederlag for tap av produksjonstilskot og tap av tilskot til avløyning ved ferie og fritid i tiltaksperioden. Fylkesmannen fattar vedtak og betaler ut dette etter nærare reglar.

## 5.8. Rapportar i samband med utbetalinga

I ROB, tilgjengelig via Wespa, finn du rapportar som er til hjelp ved utbetalinga. Desse rapportane kan vere av ekstra stor interesse:

PT-1001C, Feilliste tredje inputkontroll  
 PT-5040, Utbetalinger produksjonstilskudd  
 PT- 1040, Søkere med miljøplantrekk  
 PT-1003, Søknader som er stoppet  
 PT-2200, Tilskuddsbrev, stoppede søkere  
 PT-4100A, Grunnlag for avkorting  
 PT-4100B, Søkere med avkorting

## 6. Tilskot til avløyning ved ferie og fritid, avlørsåret 2014

### 6.1. Satsar

Øvre grense for avlørsartilskot i 2014 er 73 500 kroner.

**Tabell 9. Tilskot til avløyning ved ferie og fritid. Endelege satsar pr. dyr for 2014**

| Dyreslag (dyrekode på søknadsskjema)                                       | Sats kr/dyr |
|--|-------------|
| Mjølkekyr (120)  | 3 522       |
| Ammekyr (121)  | 972         |
| Storfe (119)   | 587         |
| Mjølkegeiter og mjølkesauer (140, 139)                                     | 812         |
| Sauer over 1 år <sup>1)</sup> / ammegeiter (149,142)                       | 509         |
| Avlsgrisar (155,156)   | 1 161       |
| Slaktegrisar (184)   | 40          |
| Verpehøner og avlsdyr av ender, kalkunar og gjæser (160, 168)              | 10,2        |
| Hestar (115,116)   | 1 161       |
| Avlskaninar (180)  | 289         |
| Gjæser(189), kalkunar (188),ender (187), livkyllingar og livkalkunar (185) | 3,55        |
| Slaktekyllingar (186)  | 0,44        |
| Økologiske slaktekyllingar (840)   | 1,69        |
| Revetisper (171)   | 319         |
| Minktisper (170)   | 93          |
| Hjort (181)  | 395         |

1) Søknad om avlørsartilskot per januar 2015 baserast på dyretalet føretaket disponerte den 1. januar 2014. Antal utegangersau frå 2014 omfattar dyr både over og under 1 år. Ved søknadsomgangen for avlørsartilskot i 2015 kan det berre gis tilskudd for dyr over 1 år per januar 2014, og det kan derfor ikkje

utmåles tilskot for meir enn 73 pst. av antalet utegangersau per 1. januar 2014. Det kan ikkje gis dispensasjon for utmåling av avløyserstilskotet etter ein høgere andel enn 73 pst. dyr over 1 år i besetninga.

## 6.2. Utrekna maksimal refusjon for 2015

Tilskotsbrevet viser den førebelse utrekninga av maksimalt avløyserstilskot for 2015, som blir søkt om og utbetalt i 2016. Utrekninga er gjort på grunnlag av statens tilbod i årets jordbruksforhandlingar. Maksimalt avløyserstilskot er utrekna etter førebelse satsar i jordbruksavtalen 2015-2016. Satsane aukar med 1 % frå 2014, og maksimalbeløpet er sett til 74 200 kr/føretak. Sjå jordbruksavtala 2015-2016 for meir informasjon.

## 7. Botnfrådrag og reduksjonar i tilskot

Kommunane og fylkesmennene må sjå til at tilskotet vert riktig redusert der det skjer utbetaling etter hovudutbetalinga (manuelle utbetalingar). Sjå også jordbruksavtala 2014-2015, kapittel 7.1 og rundskriv 30/2014.

Minste beløp som vert utbetalt er kr 300.

### 7.1. Botnfrådrag

For alle søkjarar om produksjonstilskot er det eit botnfrådrag på 6 000 kr per avtaleår. Botnfrådraget vert så langt det er mogleg trekt i samband med søknadsomgangen 20. august. For søkarar som ikkje dekkja botnfrådraget i august, vert resten trekt i samband med søknaden i januar 2015.

Botnfrådrag skal ikkje trekkast frå tilskot for grønt og potetproduksjon eller avløyserstilskotet.

### 7.2. For seint levert søknad

Om søknaden vart levert etter fristen, vert tilskotet redusert med kr 1 000 per dag frå og med 21. januar. Søknader som vart levert 21. februar eller seinare skal avvisast, med mindre føretaket har fått dispensasjon frå søknadsfristen.

### 7.3. Trekk i utbetalingar

Føretak med trekk i utbetalinga på grunn av motrekning, utlegg, tidlegare for mykje utbetalt tilskot eller erstatning, får dette spesifisert på tilskotsbrevet. Fylkesmannen har tilgang til lister på ROB, som syner kven dette gjeld. Fylkesmannen må undersøkje desse listene dersom han skal utbetale tilskot manuelt etter klage eller feil. Der eit føretak har heftingar i form av til dømes motrekning og utlegg, må fylkesmannen leggje dette inn i Fagsystemet for manuell utbetaling, jf. rettleiinga. Sjå listene PT880, PT883 og PT886.

*PT880 Gjenstående trekk /skjema*

Desse trekka vert overførte automatisk til neste søknadsomgang.

### *PT883 Innmelde trekk*

Lista viser søknader med trekk, som ikkje kjem til sentral utbetaling, og som er registrert med trekk.

### *PT886 Gjenstående trekk, motrekningar/skatt/mva/utlegg*

Lista viser søknader som er utbetalt, og storleiken på attstående trekk av moms/skatt/utlegg. Lista viser også slike søknader, som framleis ikkje er ferdig handsama. Attstående trekk skal effektuerast i manuelle utbetalningar i inneverande periode, men vert ikkje overførte til neste søknadsomgang. Det er fordi det ikkje er høve til å motrekne i framtidige tilskot: krav kan ikkje oppstå før søknadsfrist, og søknad må vere levert til kommunen.

Fylkesmannen må sjølv slette eller redusere attstående eigne trekk (sjå listene PT-880 og PT-883) i trekkrutina Saturn. Dette for at attstående trekk skal vere oppdatert før neste utbetaling.

## **8. Utmåling til føretak i driftsfellesskap**

Føretak som har huka av for at dei er i driftsfellesskap vil ikkje få utbetalt tilskot ved sentral utbetaling. Desse føretaka vil kome på lister over søknader som er stoppa med kode 645, og kommunen må ferdigbehandle dei manuelt.

Føretak som inngår i driftsfellesskap kan få utbetalt tilskot tilsvarande det samla dyre- og arealtalet som vert disponert innanfor driftsfellesskapet. I dei tilhøva der føretaka har oppgitt å vere i driftsfellesskap, men har søkt om tilskot kvar for seg, skal føretaka få redusert tilskot slik at det totalt utbetalte tilskotet til alle føretak i same driftsfellesskap ikkje blir større enn det tilskotet som driftsfellesskapet har rett på, altså det føretaka ville hatt rett på om dei hadde søkt samla. Avløysartilskotet det vart søkt om i januar 2015 er ein refusjon for utgifter i 2014. Dei føretaka som havnar innafor forskrift om tidsbegrenset bortfall av konsekvenser som følge av driftsfellesskap i jordbruket ([www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)), skal derfor få utbetalt kvar sitt avløysartilskot for 2014. Avløysartilskotet for desse føretaka skal med andre ord holdes utenfor berekninga for denne utbetalinga.

Brutto tilskot til alle føretak i driftsfellesskapet blir redusert med like stor prosentdel som det tilskotet til driftsfellesskapet utgjør av kor mykje tilskot alle føretaka samla ville fått ved separat drift og utmåling.

$$\frac{\text{Samla brutto tilskot ved driftsfellesskap}}{\text{Samla brutto tilskot til alle føretaka ved separat drift}} = \text{Prosentdel av tilskot føretak har rett på}$$

Reduksjon i tilskot grunna driftsfellesskap skal bereknas på bakgrunn av brutto tilskot. Trekk som følgje av seint innsendt søknad og botnfrådrag skal føras på gjeldande føretak.

### **Informasjon til søkjar**

I tilskotsbrevet skal det vere ei eiga linje før netto utbetalt tilskot, som viser kor mykje tilskotet blir redusert på grunn av driftsfellesskap.

I vedlegg til tilskotsbrevet skal søkjar bli informert om korleis ein har kome fram til reduksjonsbeløpet for driftsfellesskap. Føretaka skal få informasjon om kor mykje dei ville ha fått ved separat drift, kor mykje føretaka i driftsfellesskapet samla ville ha rett på ved separat

drift og kor mykje dei som driftsfellesskap har rett på. Føretaka skal og få oppgitt kor stor prosentdel driftsfellesskapstilskotet utgjer av samla tilskot ved separat drift, og kor stor reduksjon i tilskotet dei får som følge av driftsfellesskapet.

### Til dømes

*To føretak. Eit med 50 sau over 1 år og eit med 70 sau over 1 år*

*Tilskotsbrev:*

#### Føretak 1:

PRODUKSJONSTILSKOT I JORDBRUKET  
AVLØYSERTILSKOT VED FERIE OG FRITID

JUNI 2015 Namn: Føretak 1 Orgnr: XXXXXXXXX  
Knr: XXXX Gnr: XX Bnr: X Festenr: X Løpenr: X

XXXXXXX kommune viser til søknad om tilskot pr. 1.1.15 og har løyvd følgjande tilskot. Formålet med tilskota er vist i Prop. 1S (2014-2015).

TILSKOT TIL HUSDYR:

| Dyre-<br>gruppe                      | Kode | Dyreslag          | Tal dyr | Sats<br>pr.<br>dyr | Sats-<br>intervall | Kroner    |
|--------------------------------------|------|-------------------|---------|--------------------|--------------------|-----------|
| 6-Sau/ammegeit                       | 149  | Sauer > 1 år      | 70      |                    |                    |           |
|                                      |      | Sum dyr i gruppa: | 70      | 1 000              | 1 - 100 dyr        | 70 000    |
| Sum tilskot til husdyr               |      |                   |         |                    |                    | kr 70 000 |
| -----                                |      |                   |         |                    |                    |           |
| Brutto tilskot                       |      |                   |         |                    |                    | kr 70 000 |
| Reduksjon for driftsfellesskap, 13 % |      |                   |         |                    |                    | kr 8 750  |
| Netto tilskot                        |      |                   |         |                    |                    | kr 61 250 |
| -----                                |      |                   |         |                    |                    |           |
| Til utbetaling                       |      |                   |         |                    |                    | kr 61 250 |
| =====                                |      |                   |         |                    |                    |           |

#### Føretak 2:

PRODUKSJONSTILSKOT I JORDBRUKET  
AVLØYSERTILSKOT VED FERIE OG FRITID

JUNI 2015 Namn: Føretak 2 Orgnr: XXXXXXXXX  
Knr: XXXX Gnr: XX Bnr: X Festenr: X Løpenr: X

XXXXXXX kommune viser til søknad om tilskot pr. 1.1.15 og har løyvd følgjande tilskot. Formålet med tilskota er vist i Prop. 1S (2014-2015).

TILSKOT TIL HUSDYR:

| Dyre-<br>gruppe                      | Kode | Dyreslag          | Tal dyr | Sats<br>pr.<br>dyr | Sats-<br>intervall | Kroner    |
|--------------------------------------|------|-------------------|---------|--------------------|--------------------|-----------|
| 6-Sau/ammegeit                       | 149  | Sauer > 1 år      | 50      |                    |                    |           |
|                                      |      | Sum dyr i gruppa: | 50      | 1 000              | 1 - 100 dyr        | 50 000    |
| Sum tilskot til husdyr               |      |                   |         |                    |                    | kr 50 000 |
| -----                                |      |                   |         |                    |                    |           |
| Brutto tilskot                       |      |                   |         |                    |                    | kr 50 000 |
| Reduksjon for driftsfellesskap, 13 % |      |                   |         |                    |                    | kr 6 250  |
| Netto tilskot                        |      |                   |         |                    |                    | kr 43 750 |
| -----                                |      |                   |         |                    |                    |           |
| Til utbetaling                       |      |                   |         |                    |                    | kr 43 750 |
| =====                                |      |                   |         |                    |                    |           |

| Beløpskode   | Føretak 1     | Føretak 2     | SUM Føretak    | Driftsfellesskap |
|--|---------------|---------------|----------------|------------------|
| 1. Tilskot til husdyr                                    | 70 000        | 50 000        | 120 000        | 105 000          |
| 63. Tilskot til bevaringsverdige storferasar             | 0             | 0             | 0              | 0                |
| 65. Driftstilskot i mjølkeproduksjonen                   | 0             | 0             | 0              | 0                |
| 67. Tilskot til økologisk husdyrhald                     | 0             | 0             | 0              | 0                |
| 69. Distriktstilskot for grøntproduksjon                 | 0             | 0             | 0              | 0                |
| 70. Distriktstilskot for potetproduksjon i Nord-Noreg    | 0             | 0             | 0              | 0                |
| 71. Driftstilskot til spesialisert storfekjøttproduksjon | 0             | 0             | 0              | -                |
| 79. Tilskot til lammeslakt                               | 0             | 0             | 0              | 0                |
| <b>Brutto tilskot uten driftsfellesskap</b>              | <b>70 000</b> | <b>50 000</b> | <b>120 000</b> | <b>105 000</b>   |

**Prosentdel av tilskot føretak har rett på 88 %**

|  |               |               |                |
|--|---------------|---------------|----------------|
| Reduksjon for driftsfellesskap, 17 %       | 8 750         | 6 250         | 15 000         |
| <b>Brutto tilskot ved driftsfellesskap</b> | <b>61 250</b> | <b>43 750</b> | <b>105 000</b> |

### Registrering i RuLUt

Registrer alle søknadsdataene i P118, slik at data for DK3 blir rette. Sjå "Veiledning for ajourholdsrutine for produksjonstilskudd" for meir utfyllande rettleiing.

Samdrift  Mottatt dato  Miljøplan  Krav omsetning  Ant. min samle info  Ant. min utfylling

Målform  Søkerens underskrift

Produksjoner | Avløser | Kontrollkilder | Feilmeldinger | Dispensasjoner

| Kode | Beskrivelse                                  | Sone | Antall |
|------|--|------|--------|
| 138  | SAUER UNDER 1 ÅR                             |      | 291    |
| 149  | VOKSNE SAUER OVER 1 ÅR                       |      | 543    |
| 154  | SMÅGRISER UNDER 20 KG/INNTIL 8 UKER          |      | 680    |
| 155  | AVLSPURKER SOM HAR FÅTT MINST ETT KULL       |      | 32     |
| 157  | ANTALL SLAKTEGRISER PÅ TELLEDATO             |      | 72     |
| 184  | GRISER SLAKTET EL. SOLGT SOM LIVDYR MIN 50KG |      | 388    |
| 471  | LAM SLAKTA, KVALITET O ELLER BEDRE           |      | 786    |
| 116  | HESTER 3 ÅR OG ELDRE                         |      | 10     |
| 170  | MINK- OG ILBERTISPER                         |      | 100    |
| 171  | REVERTISPER                                  |      | 100    |
| 158  | UNGPURKER FOR AVL, MIN 50 KG EL. O. 15 U     |      | 100    |

Beløpskodene registrerer du i P131. I RuLUt skal registrering av utbetalingar først per beløpskode med netto tilskotsbeløp etter reduksjon for driftsfellesskap. Ved manuell berekning må kvar sum per beløpskode justerast ned til den prosentandelen tilskot føretaket



har rett på. I reknearket for hjelpeberegningar utarbeida av Landbruksdirektoratet er det ei fane kor ein vil finne netto utbetalingar per beløpskode. Denne fana heitar " RuLUt ved driftsfellesskap".

| Beløpskode   | Føretak 1     | Føretak 2     |
|--|---------------|---------------|
| 1. Tilskot til husdyr                                    | 61 250        | 43 750        |
| 63. Tilskot til bevaringsverdige storferasar             | 0             | 0             |
| 65. Driftstilskot i mjølkeproduksjonen                   | 0             | 0             |
| 67. Tilskot til økologisk husdyrhald                     | 0             | 0             |
| 69. Distriktstilskot for grøntproduksjon                 | 0             | 0             |
| 70. Distriktstilskot for potetproduksjon i Nord-Noreg    | 0             | 0             |
| 71. Driftstilskot til spesialisert storfekjøttproduksjon | 0             | 0             |
| 79. Tilskot til lammeslakt                               | 0             | 0             |
| <b>Brutto tilskot ved driftsfellesskap</b>               | <b>61 250</b> | <b>43 750</b> |

#### Fana RuLUt ved driftsfellesskap

Dersom ein nyttar reknearket, fører ein opp sum per beløpskode slik dei framkome av reknearket:

| Journalnr        | Utbet.nr                                    | Kommune       | Overført dato                       | Status             |  |
|------------------|---|---------------|-------------------------------------|--------------------|--|
|                  | 1   | 1524          |                                     | A                  |  |
| Saksbehandler    |   |               | Saturn grunnlagsnr                  |                    |  |
|                  |   |               | Saturn vedtaksnr                    |                    |  |
| Bkode            | Tekst                                       | Hjæm          | Transport                           | Beløp KID          |  |
| 001              | Beregnet prod.till. husdyr etter avgrensing | 100           | 1                                   | 61250              |  |
|                  |   |               |                                     |                    |  |
|                  |   |               |                                     |                    |  |
|                  |   |               |                                     |                    |  |
|                  |   |               |                                     |                    |  |
|                  |   |               |                                     |                    |  |
|                  |   |               |                                     |                    |  |
|                  |   |               |                                     |                    |  |
|                  |   |               |                                     |                    |  |
|                  |   |               |                                     |                    |  |
|                  |   |               |                                     |                    |  |
|                  |   |               |                                     |                    |  |
|                  |   |               |                                     |                    |  |
|                  |   |               |                                     |                    |  |
|                  |   |               |                                     |                    |  |
|                  |   |               |                                     |                    |  |
|                  |   |               | Sum netto utbetalt                  |                    |  |
|                  |   |               | Sum netto tilskudd                  |                    |  |
|                  |   |               | Sum trekk tilbakeført på ordningene | 0                  |  |
| Utbetalingsbilag |   |               |                                     |                    |  |
| Brevproduksjon   | Forrige utbetnr                             | Neste utbetnr | Nytt utbet.nr                       | Overfør til SATURN |  |

Med hilsen  
for Landbruksdirektoratet

Nils-Einar Eliassen  
seksjonssjef

Karen Elise Sundelin  
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og trenger derfor ingen signatur.